

Att:
Kommunedirektør
Ordfører

Dykkar ref.:

Vår ref.:
20/269 - 13 / RL / 051

Dato:
17.09.2021

Svar på spørsmål om samarbeid og organisering av kommunearkivinstitusjonane i Vestland fylke

Viser til spørsmål kring samarbeid og organisering av kommunearkivinstitusjonane i Vestland fylke.

Det er ikkje riktig at Interkommunalt arkiv Hordaland IKS (IKAH) har vore negative til å sjå på organiseringa av kommunearkivinstitusjonane i Vestland Fylke, tvert i mot.

Invitasjonen frå prosjektkommunen (det som vart VFLK) om å sjå på organiseringa, kom 2. desember 2019.

Styret i IKAH behandla invitasjonen om deltaking i ei mulighetstudie kring samarbeid og organisering av arkivinstitusjonane i nye Vestland på styremøte 10.12.2019. Styret vedtok då å delta i ei slik studie.

Den 17. desember gjorde VFLK (Vestland Fylkeskommune) vedtak om å verte medlem i Kommunearkivordninga for Vestland Kommunalt oppgåvefelleskap.

Den 23. januar 2020 og 12. februar 2020 deltok representantar frå styret i IKAH og dagleg leiar på møte med seksjonsleiar for arkiv og avdelingsdirektøren kultur, idrett og inkludering i VFLK og Byarkivaren i Bergen. Føremålet var å få plass eit saksgrunnlag kring samarbeid og organisering som VFLK kunne leggje fram på Fylkestinget sitt junimøte i 2020.

Grunna Covid-19 og stenginga av samfunnet frå 16. mars, utsette VFLK arbeidet med ei vidare utgreiing.

Saka vart lagt fram for eigarane på IKAH sitt representantskapsmøte 6. juni 2020 i sak 11/20. til orientering.

Då samtalan mellom IKAH, VFLK og Bergen kommune, Byarkivet, vart tekne opp att sommaren 2020 låg to konsept i bordet, samarbeid gjennom samarbeidsavtalar / tenesteavtalar eller ei samanslåing av dei kommunale arkivinstitusjonane til ein felles organisasjon.

Ei samanslåing av to eller fleire arkivinstitusjonar til ein felles organisasjon, ville i praksis innebære avvikling dei eksisterande organisasjonane og verksemdsoverdraging av samlege tilsette samt aktiva og passiva i dei enkelte institusjonane til ein ny organisasjon.

I tråd med vedtektene i selskapsavtalen ville slik ei felles arkivordning krevje 1 års førebuing samt likelydande vedtak i samlege av dei 44 kommunane (43 + fylkeskommunen) som utgjer Vestland Fylke. Eit slikt vedtak måtte fylgjeleg vere ankra i ei grundig utgreiing som kunne leggjast fram for eigarane.

Styret hjå IKAH, var ikkje mot at ei slik utgreiing vart gjort, men var av den oppfatning at ei slik utgreiing burde gjerast av ein ekstern part og ikkje VFLK sjølv. Utgreiinga kunne godt kostast av fylkeskommunen.

Det lukkast oss ikkje å få til ei semje om dette.

Gjennom samtalane føreslo IKAH å sjå på eit tredje konsept. Det var eit konsept som var greidd ut og iverksett i både i Agder, Troms og Finnmark og i Viken i samband med samanslåinga av fylka der.

Konseptet gjekk ut på at VFLK var deltakar i både dei interkommunale arkivordningane. Eit slikt konseptet ville vere mindre inngripande enn ei oppløysing og ei verksemdsoverdraging. Det kunne og løyse deler av den økonomiske ubalansen VFLK skapte ved å støtte den eine ordninga økonomisk og ikkje den andre.

Det lukkast oss ikkje få til ei semje om dette.

Hausten 2020 stod vi difor att med eit konsept, samarbeidsavtalar. Styret var av den oppfatning at vi burde samarbeide, men og konsentrere ressursane våre rundt å levere best moglege tenester til eigarane våre. Dette skulle gjelde fram til ei uavhengig utgreiing kunne gjerast og eit grunnlag for å sjå på organisering var på plass.

Gjennom saksdokumenta til Fylkestinget 15.12.20, er vi gjort kjent med at VFLK årleg yter 2,4 MNOK med motkrav om tenester og 5,5 MNOK utan motkrav til Kommunearkivordninga i Vestland. Desse 5,5MNOK vert ytt i lys av vertskapsrolla VFLK har for det kommunale oppgåvefelleskapet.

Det er ei ærleg sak at vi synes at dette er «urettferdig», men slik er fylkespolitikken og vi må forhalda oss til realitetane.

Vi svarar gjerne på spørsmål De som eigar av IKA-Hordaland IKS måtte ha kring saka.

Med venleg helsing

På vegne av Styre ved Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Rune Lothe
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.